

Pressemelding

30.10.2024

Ber reisande følgje med på både veg- og vêrvarsling

– Vi jobbar førebyggjande, følgjer med vêrsituasjonen og vurderer konsekvensane av ekstremvêret som er meldt, seier fylkesdirektør Rune Haugsdal.

– Vi oppmodar alle til å følgje med på lokale vegmeldingar på 175.no og å vise varsemnd om dei skal ut i trafikken når uvêret treff fylket. Dei som skal nytte kollektivtransport, må sjekke skyss.no eller Skyss-appen om ruter og tilbod kan vere innstilte eller endra, seier Haugsdal vidare.

Førebuing på fylkesvegane

På fylkesvegane er vi i gang med førebuande tiltak, og fleire fylkesvegar blir stengde allereie onsdag kl. 20.00 grunna fare for skred og flaum. Ny vurdering blir gjort fredag 1. november kl. 12. Det blir jobba med tiltak som rydding av stikkrenner og grøfter og sikring av kumlokk.

Fylkesveg 609 mellom Askvoll og Førde er allereie stengt. Vestland fylkeskommune følgjer nøye med på situasjonen på fylkesvegane, og gjer vidare tiltak dersom dette blir naudsynt. Fleire vegar kan bli stengde preventivt og på kort varsel, og det er såleis viktig at alle som skal ut og køyre sjekkar 175.no før dei set seg i bilen.

Skyss følgjer situasjonen tett

Kollektivtrafikk og skuleskyss går som normalt med mindre lokale forhold fører til stengde vegar. Skyss følgjer situasjonen tett, og ber dei reisande følgje med på skyss.no eller i Skyss-appen, i tillegg til 175.no for veginformasjon.

– Alle må følgje med på vegane «sine»

Rektorane på dei vidaregåande skulane til fylkeskommunen følgjer med på det som skjer av tiltak på veg og kollektiv, og vil halde seg til retningslinjer i dei enkelte kommunane. Det er i forkant av varselet ikkje planlagt for heimeskule på dei vidaregåande skulane.

– Det er viktig at alle følgjer med på dei lokale forholda på vegane der dei held til, både skuleelevar, pasientar i tannhelsetenesta og alle andre reisande. Når dette vêret slår til, veit vi ikkje kva som ventar rundt neste sving, og ting kan endre seg raskt. Eg rår alle til å halde seg oppdaterte på 175.no, både på nettsida og i appen, seier fylkesdirektøren.

Kontaktinformasjon:

Rune Haugsdal, fylkesdirektør – mobil 94 50 03 37

Dina Lefdal, direktør infrastruktur og veg – mobil 95 70 08 13